



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
28.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/12976
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt pr. 30.september 2014

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland pr. 30. september d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 2,4 prosent dei første 9 månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden også 2,4 prosent.

Innbetalt skatt pr. 30.september d.å. i prosent av budsjett 2014 var 79,4 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 79,3 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 2,0 prosent for kommunane samla i landet. Det er no lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet med i underkant av 2,4 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

